

Samferdselsavdelinga i Hordaland
v/Skyss

FAU ved Knarvik ungdomsskule
v/Arne R.Ramslien, leiar
arne.ramslien@gmail.com

03.12.2018

Bekymring for busskapasitet for elevar ved Knarvik ungdomsskule

For eit år sidan, i et brev datert 1.12.17 skreiv foreldrerådet sitt arbeidsutval ved Knarvik ungdomsskule og Samarbeidsutvalet et brev til Skyss. Vi var bekymra for kapasiteten og tryggleiken på busstilbodet både før og etter skuletid. Nå, etter ett år og med nytt selskap, Nettbus, er situasjonen framleis ikkje retta opp.

Elevar melder frå om at bussane ofte er så fulle at dei stå i gangen. Det synes å være et ekstra stort problem på vei heim frå skulen. Det gjeld spesielt strekninga Alver –Knarvik, Knarvik - Alver. Det kan likevel sjå ut til at strekninga Leknes - Knarvik er noko betre enn for eit år sidan. Skulen har tatt opp problemet med for låg kapasitet gjentatte gongar. Vi ber om at Skyss sikrar kapasiteten slik at alle elevane sin tryggleik vert ivareteken ved at alle får sitjeplass på bussen og at det berre i ekstraordinære tilfeller må takast i bruk ståplassar. Vi forventer at ungdomane sin trafikktryggleik vert teken på alvor. Foreldrenes arbeidsutvalg ved Knarvik ungdomsskule meiner det er bra at situasjonen er nokre betre enn for eit år sidan, men meiner framleis at det er uholdbart at ikkje alle elevar får sitje på bussen. Det er eit paradoks at ein kan verte bøtelagt for å ikkje nytte belte i buss, samstundes som våre ungdommar må stå på veg til og frå skulen, med stor fare for alvorlege skadar skulle ei ulykke skje.

Ser fram til å høyre frå dykk.

Venleg helsing,



For Foreldreutvalet ved Knarvik ungdomsskule, Arne Ramslien

Kopi: Nettbuss, Ordførar i Lindås, Kommunalsjef for oppvekst i Lindås